



Statens vegvesen

Møteinnkalling

Til: Øystein Tvedt, Hans Kjetil Knutsen, Tore Johan Øvstebø, Kjetil Strand, Ove Nesje, Hans Olav Myklebust, Harry Valderhaug, Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Sunniva Ullavik Erstad

Kopi:

Fra: Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

Saksbehandlar: Kjetil Sporsem

Tlf. saksbeh.

Vår dato: 15.03.2024

Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 2/2024

Møtestad:	Campus Ålesund, Borgundvegen 340. Framtidslaben, 6. etg
Møtedato:	22.03.2024
Møtetid:	1000 – 1400
Møteleiar:	Øystein Tvedt

Saksliste

Punkt	Sak	Innleder / Ansvar	Tid
1	Innleiing ved leiar for styringsgruppa	Øystein Tvedt	1000 – 1005
2	Årsrapport 2023	Kjetil Sporsem	1005 – 1015
3	Budsjett 2024 og handlingsprogram 2024–2027	Kjetil Sporsem	1015 – 1100
4	Oppfølging av sak 008/24 Ålesund kommunestyre – Flytting av kollektivknutepunkt i Keiser Wilhelmsgt.	Torbjørn Vatnehol	1100 – 1130
	Lunsj		
5	Oppfølging av sak 009/24 Ålesund kommunestyre – Justering av takstar grunna prisvekst	Kjetil Sporsem	1200 – 1230
6	Oppfølging av sak 009/24 Ålesund kommunestyre – 3timers regel	Knut Erik Bjerkan	1230 – 1300
7	Tilskuddsmidler 2024	Jøran Mentzoni Eilertsen	1300 – 1315
8	Oppstartsvedtak E136 Brosundbro	Ole Kristian Birkeland	1315 – 1330
9	Eventuelt		1330 –

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Øystein Tvedt (leiar), Hans Kjetil Knutsen og Tore Johan Øvstebø. Vara: Tor-Andrè Gram Franck

Møre og Romsdal fylkeskommune: Hans Olav Myklebust og Harry Valderhaug Vara: Randi Walderhaug Frisvoll og Lene Vadseth Larsgård

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Jøran Mentzoni Eilertsen.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Torbjørn Vatnehol.

Statens vegvesen: Kjetil Sporsem (leiar).

Kommunikasjon: Sunniva Ullavik Erstad.

Sak 2 – Årsrapport 2023

Bakgrunn.

Sekretariatet legg i denne saka fram årsrapport for 2023.

Vedlagt årsrapportdokument presenterer saka.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek årsrapport for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Årsrapport for 2023.

Styringsgruppa vedtek med det rekneskapen for 2023 i Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet.



Bypakke Ålesund

Årsrapport for 2023



Innhold

Innleiing	2
Økonomi	2
Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2023.....	7
Statens vegvesen.....	7
Møre og Romsdal fylkeskommune.....	8
Ålesund kommune	9

Innleiing

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund med mål om å få fleire til å sykle, gå og reise med kollektiv.

I juni 2021 vart bypakka vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,0 mrd. 2021-kroner. Finansieringa av pakka er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakka. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år. Bompenggeinnkrevjinga hadde oppstart i august i 2022. Aktiviteten i 2023 er finansiert av statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar.

Bompenggeordningen og rabattsystemet for bypakken virker å være godt innarbeidet hos publikum i Ålesund. Det er veldig høy brikkeandel i Ålesund (96%).

Bypakken har i løpet av 2023 fått opparbeidet en ny digital profil, med oppdatert nettside og logo. Bypakken har økt sin synlighet for byens befolkning gjennom byggeplasskilt og reklame. Nettsiden har fått bredere og oppdatert innhold om de ulike prosjektene i Bypakke Ålesund og det er lansert et prosjektkart. Kartet gir en oversikt og tydelig sammenheng i de ulike type prosjektene.

Det ble lagt ut 50 nyhetssaker på bypakkens nettside i 2023, med vesentlig hyppigere innholdsoppdateringer i ulike kanaler som Instagram og Facebook. Kommunikasjonsapparatet har sendt ut ca 50 pressemeldinger i 2023.

Kommunikasjon bistår med presentasjoner, arrangement, forberedelser til politiske møter og både eksternt- og intern dialog med samarbeidspartnere.

Økonomi

I mars vedtok styringsgruppa eit budsjettdokument for 2023 med eit budsjett for bypakka på 403 mill. kroner. Samstundes vart prognosen for året i budsjettdokumentet sett opp med 358 mill. kroner, altså betydeleg lågare enn budsjettet. Årsaka til det var at tildelte midlar for nokre prosjekt på riksveg var høgare enn planlagt framdrift og produksjon for året. Spesielt gjaldt dette E136 Breivika-Lerstad der ein hadde eit budsjett for året på 213 mill. kroner, men der prognosen for forbruk var 116 mill. kroner.

Rapporten for 1. tertial vart lagt fram i juni, utan vesentlege avvik eller innmeldte behov for auka sluttprognose. Samla sett vart det ved 1. tertial rapportert ein reduksjon i årsprognose på 8,7 mill. kroner frå budsjettdokumentet som vart vedtatt i mars.

2. tertial hadde framlegg i september og trakk ned prognosen for året ytterlegare med 23,3 mill. kroner til ny årsprognose 334,3 mill. kr. Dette nedtrekket skuldast i all hovudsak eit periodiseringsavvik for tilriggingskostnadane ifb. Med Fv. 60 Blindheim – Flisnes.

Ser ein på rekneskapan for Bypakke Ålesund under eitt, så er forbruket i 2023 på 272 mill. kroner, noko som er 131 mill. kroner lågare enn budsjettet for året og 86 mill. kroner lågare enn årsprognosen i vedtatt budsjett. Reduksjonen i forbruk sett opp mot årsprognosen, er ein følge av endringar på fleire prosjekt forklart under.

- E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus har redusert forbruket med 14 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Dette skuldast at ei noko seinare kontrahering enn forutsatt.
- Kollektivterminal i sentrum har redusert forbruket med 9 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Etter utsatt behandling av byggesak i Planutvalget ble anbudsutlysningen også utsatt. Det har ført til at anleggsstarten ble seinare enn forespeilet.
- E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gate har redusert forbruk med 14 mill. kroner i forhold til årsprognosen. Dette skuldast at ein har jobba med å bli samd i løysing/prosjektkonsept. Anleggstart og opning har blitt forskyvd.
- E136 Breivika-Lerstad har forbrukt 6,5 mill. kroner meir enn prognosen for året.
- På sekkeposten er forbruket redusert med 30 mill. kroner. Ein vesentleg del av dette er ei direkte følge av at ein har fått eit tilskot i 2023 på 15 mill. kroner til prosjektet Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua frå tilskotsordninga for mindre byområde. Det vert dermed i stor grad finansiert utanfor ramma for bypakka i år.
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes har redusert forbruket med 22,5 mill. kroner. Skuldast eit periodiseringsavvik ift tilriggingskostnader.
- Posten for planlegging og prosjektering har også eit redusert forbruk med 4,5 mill. kroner.
- Mindre endringar på øvrige prosjekt.

Ramma for bypakka er no på 4.910 mill. 2023-kroner. Det er inga endring i samla rapportert sluttprognose for prosjekta som inngår i bypakka. I 2023 vart det behandla fleire saker med endring i styringsrammer:

- Snuplass Slinningen auka styringsramme 1 mill. 2022-kr (Styringsgruppa 20/01/2023)
- E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus auka styringsramme 10 mill. 2022-kr (Styringsgruppa 03/03/2023)
- Oppstartsvedtak Sykkelfelt frå Åse til Moa. Styringsramme 24 mill. 2023-kr (Styringsgruppa 25/08/2023). 12 mill. kr frå omklassifiseringstiltak E136 Breivika-Lerstad og 12 mill. kr frå sekkeposten Post 7.
- Opsjon forlenging av sykkelfelt Tonningsgt – Skarbøvikgt. Auka ramme 8,5 mill. 2023-kr, dekkes av sekkeposten Post 7.

Tabell 1 – Samla rekneskap for Bypakke Ålesund for 2023 (mill. kroner)

Rekneskap 2023

2023-kroner

		2023-kroner		1 2 3 4					
		Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap			
		Gjeldande styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose (i vedtatt budsjett)	Regnskap hittil i år
Bypakke Ålesund - Portefølje		4 910	4 910			-402,7	402,7	357,6	272,3
1	E136 Brosundbro og ny gate Keiser Wilhelms gt	364	364	01.03.2024	01.12.2025	5,1	-5,1	25,0	11,4
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	101	101	15.06.2023	01.12.2024	-44,7	44,7	27,0	18,0
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	93	93	15.06.2023	31.12.2025	-62,7	62,7	58,4	41,4
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	332	332	01.09.2024	30.11.2026	-0,2	0,2	11,5	13,8
5	E136 Breivika-Lerstad	2 546	2 546	01.03.2022	01.07.2027	-213,0	213,0	116,0	122,2
6	E136 Lerstادتoppen-Campus	550	550	01.01.2025	01.07.2028	0,2	-0,2	4,5	8,2
7	Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing	346	346	-	-	-32,0	32,0	38,5	8,1
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes	401	401	01.01.2024	31.05.2026	-43,7	43,7	62,5	39,8
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	63	63	-	-				
10	Bomstasjoner	51	51	01.02.2022	22.08.2022	3,7	-3,7	0,8	0,6
11	Planlegging og prosjektering	63	63	-	-	-15,2	15,2	13,4	8,9

		Ramme	Prognose	Framdrift		Årsbudsjett, årsprognose, rekneskap			
		Gjeldande styringsramme	Rapportert sluttprognose	Byggestart (Prognose/faktisk)	Trafikkåpning (Prognose/faktisk)	Til disposisjon	Budsjett	Årsprognose (i vedtatt budsjett)	Regnskap hittil i år
Tilskuddsordning for mindre byområde									
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	15,00	15,00	2023-09	2024-05	-15,0	15,0	15,0	6,8

Tabell 2 – Rekneskap for Post 7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gange (mill. kroner)

7 Sekkepost kollektiv, TS, sykkel, gåing			1	2	3
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Stat	Budsjett	Rekneskap	Årsprognose
		Fylke			
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Stat	S			
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune	F	0,1	0,1	0,1
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune	K	1,8	0,1	0,5
702	Sykkelveg ved Volsdalenskoie	F	4,0		
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	F			
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	K			
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	14,1	0,8	19,1
707	Sykkelveg Steinvågbrua	F			
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat	S			
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm -	F	1,6	0,4	1,6
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	K	1,3		
732	Hessafjordvn-Slunningen med snuplass	K	-0,4	0,4	
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	S			
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	F			
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K			
734	Fremkommelighet- Aspøya	F			
734	Fremkommelighet- Aspøya	K			
738	Busstopp på Moa, tiltak for raskere og bedre	S	-0,4	5,1	
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Stat	S			
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring -	F			
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune	K	3,6	1,1	
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K		0,1	
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	2,0		1,0
764	Myrlandsvn fortau, del 1	K			
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	K			
766	Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret	F	2,3	0,1	2,3
767	Fortau -skoleveg Hatlane, Fv399 Bvn	F			
	Sum	SFK	30,0	8,1	24,6
			1	2	3
			Budsjett	Regnskap HIÅ	Årsprognose
	704 Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua		15,00	6,77	15,00

Tabell 3 – Rekneskap for Post 11 Planlegging og prosjektering (mill. kroner)

11 Planlegging og prosjektering					
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Finans.	Budsjett	Rekneskap HIÅ	Års- prognos
111	Forskuttering Ålesund kommune, 2020	K			
112	Kommunikasjon	K	2,70	1,99	2,70
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - stat	S			
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Fylkeskommune	F			
701	Planlegging av mindre sykkeltiltak (ÅK)	K	1,50	1,05	2,00
702	Sykkelveg ved Volsdalens skole	F	2,00	0,15	0,37
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	F	0,40		0,05
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	K	0,50	0,04	0,50
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	F	1,00	1,46	1,55
707	Sykkelveg Steinvågbrua	F	0,30		
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Stat	S			
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Fylkeskommune	F			0,30
731	Planlegging av mindre kollektivtiltak (ÅK)	K	0,50	0,27	0,50
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	S			
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	F			
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	K	0,10	0,05	0,10
734	Fremkommelighet- Aspøya	F	0,50		0,05
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	0,75	0,20	0,50
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Stat	S			
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Fylkeskommune	F			
761	Planlegging av mindre tiltak trafiksikkerhet (ÅK)	K	1,50	2,02	1,50
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	1,00	1,17	0,50
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	2,00	0,46	0,47
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	K		0,01	
767	Fortau -skoleveg Hatlane, Fv399 Bvn	F	0,56		
	Sum		15,31	8,85	11,09

Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2023

Statens vegvesen

- E136 Breivika - Lerstad: Delar av tunneltraseen vart omregulert i feb. 2023. Anbudsprosessen for hovedentreprise pågikk i perioden mai-desember 2023, med beste tilbud frå NCC Norge. Førebuande entreprisar ved Lerstad og Breivika er avslutta, med unntak av noko leidningsomlegging i Breivika – på vegne av Ålesund kommune.
- E136 Ny Brosundbro, gate fra Waterfront til Posthuskrysset: I 2023 har SVV jobba med ulike avklaringar, prosjektering og utarbeiding av anbudsgrunnlag.
- E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus: Entreprenørarbeid med størst konsekvens for naboar og trafikkantar vart ferdigstilt før jul i 2023. Pga. meir sprengningsarbeid/lengre vannledning enn føresett, er dato for ferdigstilling flytta til medio 2024. Trafikkåpning av busstoppet vert først i 2025 - når parkeringshuset og adkomst til sjukehuset er ferdigstilt. Anleggsbidrag til HMR vart utbetalt i desember 2023.
- Kollektivknutepunkt ved Campus: Arbeid med prosjektering starta opp allereie hausten 2023 – med eigne fagressursar i SVV. Prosjektet har planlagt anleggsstart sommaren 2025. Ferdigstilling er venta ila. 2026 – eit år seinare enn opprinneleg tenkt – men forutset statleg oppstartsbevilgning i 2025.
- E136 Lerstadtoppen-Campus: Prosjektering starta hausten 2023, med det same teamet som jobbar med Campus – men, er avhengig av formelle vedtak/finansiering for vidare framdrift.
- Bomstasjonar: Bomstasjonane i bypakken blei tekne i bruk frå 2022, med unntak av ein – som skal byggast i 2026. I 2023 blei Bomstasjon-prosjektet belasta med 0,6 mill,- til div. mindre utgifter/reparasjonar – og for åra fremover er det prognostisert med kr. 200 000,- pr/år for tilsvarende kostnader.
- E136 Kollektivknutepunkt Moa: Lekkasje på kommunal vannledning i desember 2023 medførte skader på delar av anlegget. Teleskader i vegbana er også oppdaga - og dette bør utbetrast før overlevering til DoV-divisjonen. Estimert ekstrakostnad på kr. 500 000,- i 2024.

- Hatlaåstunnellen-Vindgårdsskiftet: Noko arbeid er allereie utført, finansiert av omklassifiseringsmidlar på E136 Breivika-Lerstad. Det vert oppretta eige prosjekt i 2024 (Post 7) for å synleggjere heile prosjektkostnaden med respektiv finansiering – 50% statlege midlar og 50% bompengar (evt. tilskotsmidlar).

Møre og Romsdal fylkeskommune

- Kollektivknutepunkt i sentrum – Inngjekk kontrakt med entreprenør og starta anleggsarbeidet våren 2023. Starta anleggsarbeida i Korsegata og gjekk vidare til Posthuskrysset og Keiser Wilhelms gate i november.
- Fv. 60 Blindheim-Flisnes: Ferdigstilt prosjektering og omfattande grunnerv. Lyst ut prosjektet på anbod. Kontrakt inngått januar 2024.
- Fv. 6208 Sykkelveg Tonningsgate – Steinvågbrua: Ferdigstilt prosjektering, lyst ut prosjektet på anbod og inngått kontrakt med entreprenør. Anleggsstart i august.
- Fv. 6208 Sykkelveg Tonningsgate – Skarbøvikgata: Planarbeid og prosjektering ifm forlenging av prosjektet. Lagt inn som opsjon i kontrakt
- Trafikktryggingstiltak Hessaskaret – Ferdigstilt prosjektering, lyst ut prosjektet på anbod og inngått kontrakt med entreprenør. Byggestart i 2024
- Planarbeid og utredingar ifm planfri kryssing på Bjørge:
 - Reguleringsarbeid
 - Forprosjekt betongkonstruksjon
 - Støyvurderingar
- Sykkelveg Volsdalen skole – Reguleringsarbeid
- Fortau Hatlane – Forberedande planarbeid og kostnadsanslag
- Samarbeidsprosjekt der Statens vegvesen er byggherre:
 - Campus Ålesund: Deltaking i prosjektgruppe og vurdering av tekniske løysingar
 - Sørsida og Brosundet – Deltaking i prosjektgruppe og vurdering av trafikkløysingar

Ålesund kommune

- Slinningen snuplass: Ferdigstillelse av prosjektet. Grøntområdet ble reetablert, nytt gjerde og toalett for sjåførene ble satt opp.
- Trygg skoleveg – Lerstadbakken. Ny kartlegging av trafiksikkerhet langs hele strekningen fra Meny til Gåseid. Prosjektering ferdigstilt høsten 2023.
- Trygg skoleveg – Øvre Skytterholm. Prosjektering frem til august 2023 og bygging høsten 2023. Siste lag asfaltering gjenstår og tas når asfaltenlegget åpnes i 2024.
- Trygg skoleveg - Fortau Ytre Hessen. Prosjektering startet i 2023 og ferdigstilles vinter 2024. Samarbeid med Hessa skole om bygging av deler av fortauet. Bygging 2024.
- Sykkeltiltak - Klokkersundet. Prosjektering 2023 og utbygging vinter/vår 2024.
- Sykkeltiltak - Kartlegging og gjennomføring av mindre tiltak på hovedsykkelvegnettet. Bl.a. asfaltering ved Blindheim skole, belysning undergang Shell Vegsund og ny bom ved Klipra. I tillegg jobbes det med å forbedre sikt i kryss og avkjørsel på hovedsykkelvegnettet.
- Sykkeltiltak – Steinvågneset og forlengelse av Tonningsgate. Utarbeidelse av reguleringsplan for å få bygget mer sykkelveg enn opprinnelig planlagt pga av midler fra «Regionbysamarbeidet». Reguleringsplan vedtatt høsten 2023.
- Framkommelighet for buss og trygg skolevei Aspøya – Kartlegging av tiltaket, innleie av konsulent til forprosjekt og detaljprosjektering.
- Mindre kollektivtiltak – holdeplass Spjelkavika. Det har vært omfattende byggesaksprosesser for å få tiltaket godkjent hos Statsforvalter fordi holdeplassen etableres på bro over Lillevannselva. Nye miljørapporter er utarbeidet og byggesaken er nå godkjent.
- Planleggingsaktivitet :
 - Sykkeltiltak – innleie av ekstern konsulent til planlegging av hovedsykkelvegnettet. Hovedfokus fra Aspøya til Campus. Vil fortsette i 2024.
 - Trafiksikkerhet – detaljkartlegging av TS tiltak i sekkeposten.
 - Kollektiv – høy aktivitet i sentrumsprosjektene.
- Samarbeidsprosjektene der byggherre er SVV og MRFK:
 - Kollektivknutepunktet i sentrum – strategisk og faglig arbeid for å få vedtatt byggesaken. Tett samarbeid med fylkeskommunen.

- Sørsida og Brosundet – strategisk og faglig arbeid for å få gjennom en ny trafikk-løsning i sentrum. Vedtatt i kommunestyret februar 2023. Tett samarbeid med Statens vegvesen.
- Blindheim – Flisnes – Tett samarbeid om prosjekteringen av de kommunale vegene i prosjektet, samt hovedsykkelvegen langs fylkesvegen
- Breivika – Lerstad – samarbeid om detaljprosjektering av de kommunale vegene og hovedsykkelvegen
- Campus Ålesund og Lerstadtoppen-Campus – Samarbeid om løsning for ny hovedsykkelveg og kollektivvurderinger i forbindelse med detaljprosjekteringen.

Sak 3 – Budsjett for 2024 og handlingsprogram for 2024-2027

Bakgrunn:

Sekretariatet legg i denne saka fram budsjettet for 2024 og handlingsprogrammet for 2024-2027.

Vi har i utarbeidinga av budsjettet og handlingsprogrammet tatt utgangspunkt i handlingsprogrammet for 2023-2026, som skal rullerast, samt tilgang på finansiering og status og framdrift på dei ulike prosjekta etter innspel frå partane.

Vedlagde budsjettdokument og handlingsprogramdokument presenterer saka.

Vurdering:

Rulleringa av handlingsprogrammet slik det er lagt fram syner partanes budsjett og prognoser for aktiviteten i perioden, og er ikkje tilpassa eit eventuelt inntektstap som følgjer av manglande KPI-justering av takstane.

For å sikre finansiering av omsetninga som handlingsprogrammet legg opp til for kommande 4årsperiode, er det en føresetnad at ein får justert takstane etter KPI slik stortingsvedtaket legg til grunn.

Den årlege rulleringa av handlingsprogrammet med partanes budsjettinnspel er eit heilt sentralt verktøy for den løpande porteføljestylinga. Sekretariatet anbefaler difor at styringsgruppa vedtek budsjettet og handlingsprogrammet, men med atterhald om at sak om takstjusteringar som for tida er til lokalpolitisk behandling blir vedtatt og gjennomført slik styringsgruppa har innstilt.

Saka har vore behandla i Ålesund kommunestyre 08. februar 2024 og skal tilbake til ny behandling 25. april 2024. Møre og Romsdal fylkeskommune behandlar saka på Fylkestinget 22. april 2024.

Vegamot AS sendte etter styrebehandling i februar 2024 eit skriftleg varsel til Møre og Romsdal fylkeskommune som garantist for låneopptaket i Bypakke Ålesund. Her heiter det at:

«Selv om det i løpet av 2024 skulle gjennomføres en konsumprisjustering av takstene vil det likevel være nødvendig å gjennomføre en styring av prosjektporteføljen. Dette skyldes at SSBs byggekostnadsindeks for vei har hatt en større økning enn SSBs konsumprisindeks, og at andelen fritakspasseringer og rabatterte passeringer er økende.

Kun konsumprisjustering vil kompensere noe for dette inntektsbortfallet, men ikke være tilstrekkelig til å dekke kostnadsøkninger i byggeprosjektene.»

Vegamot AS har også utarbeidet et tilleggsnotat som svar til kommunestyrets vedtak 08. februar 2024. Notatet skal følgje saksdokumenta til ny behandling i kommunestyret i april. Her heiter det at:

«Uten noen form for prisjustering eller reduserte rabatter er det tvilsomt om kontraherte prosjekt kan finansieres innenfor innkrevningstid 15 år.»

Sekretariatet anbefaler difor at styringsgruppen i perioda fram til sak om takstjustering er avklart ikkje godkjenner nye oppstartar i Bypakke Ålesund.

I sak 5 i møte 03.03.2023 *Oppstartsvedtak Sjukehuset + ny styringsramme* vedtok styringsgruppa ein utvidelse av styringsramma for E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus utan å presisere inndekninga for meirkostnadane på 10 mill. 2022-kroner. I Handlingsprogrammet 2024-2027 er økt

styringsramme for E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus inndeckt av E136 Lerstadtoppen-Campus, slik det var foreslått i saken.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek budsjettet og handlingsprogrammet 2024-2027 for Bypakke Ålesund slik det går fram av dokumenta *Bypakke Ålesund – Budsjett 2024* og *Bypakke Ålesund – Handlingsprogram 2024-2027*.

Vedtaket fattast med atterhald om at sak om takstjusteringar som for tida er til lokalpolitisk behandling blir vedtatt og gjennomført slik styringsgruppa har innstilt.

Styringsgruppa godkjenner ingen nye oppstartar i tida fram til saka om takstjusteringar er avklart lokalpolitisk, på grunn av for tida stor usikkerheit knytt til inntektsgrunnlaget.

Styringsgruppa ber sekretariatet involvere Vegamot AS og partane i bypakken og forberede ein gjennomgang og revisjon av utbyggingsplana og handlingsprogrammet etter takstjusteringssaka er ferdig behandlet lokalpolitisk, uavhengig av kva som blir vedtatt.



Bypakke Ålesund

Budsjett 2024

Om budsjettet

Budsjettet for 2024 viser aktiviteten i Bypakke Ålesund i 2024. I budsjettet ligg tildelte midlar til det enkelte prosjekt inne. Tildelte midlar avvik for nokre prosjekt frå det som er planlagt framdrift og produksjon i år, så det er også satt opp ei prognose for forbruk. Spesielt stort utslag er det for E136 Breivika-Lerstad der ein har eit budsjett for året på 791 mill. kroner, men der prognosen for forbruk er 630 mill. kroner. Budsjettet for 2023 er totalt på 1.229 mill. kroner, medan prognosen er på 1.073 mill. kroner.

Aktiviteten i bypakka vert finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar, samt refundert momskompensasjon frå staten. I 2024 vert det lagt opp til å trekke opp 882 mill. kroner i bompengar, av ei total omsetning på 1.073 mill. kroner. Dei statlege prosjekta vil omsette for 782 mill. kroner. 109 mill. kroner av denne omsetninga blir finansiert av egne midlar og 673 mill. kroner av bompengar. Kommunen vil omsette for 117 mill. kroner som blir finansiert med 43 mill. kroner i egne midlar og 74 mill. kroner i bompengar. Fylkeskommunen vil omsette for om lag 173 mill. kroner, kor av 38 mill kroner blir finansiert av egne midlar og 135 mill. kroner er finansiert av bompengar.

Budsjett for 2024

I 2024 vert det stor aktivitet i bypakka med oppstart av fleire prosjekt og ferdigstilling av andre. Det vil også gå føre seg planlegging, prosjektering og klargjering av prosjekt for oppstart.

E136 Brosundbro, Waterfront: Det pågår arbeid med nye anslag og søknad om styringsramme. Førebuande arbeid knytt til anskaffing av hovedentreprise for neste etappe er i gang, med målsetting om utlysning april - og kontraktsignering i november 2024.

Kollektivknutepunktet i sentrum blir i all hovudsak ferdigstilt hausten 2024. Prosjektet er eit fellesprosjekt mellom fylkeskommunen og kommunen med fylkeskommunen som byggherre. (E136 Posthuskrysset inngår som ein statleg del i prosjektet)

Kollektivknutepunktet ved Ålesund sjukehus blir i all hovudsak ferdigstilt i 2024.

E136 Breivika-Lerstad: Siste førebuaende entreprise med omlegging av leidningsnett i Breivika - for Ålesund kommune – er planlagt ferdigstilt i 2024. Oppstart av hovedentreprise i februar, anleggsarbeid heile 2024. Nytt anslag er gjennomført - og når oppstarten av tunneldriving i mars/april er gjennomført vil prosjektet vurdere om det er behov for å søke om økt styringsramme. For fv. 60 Blindheim-Flisnes vil anleggsarbeida starte tidleg våren 2024. Prosjektet er planlagt ferdigstilt i 2026.

Tabellen nedanfor viser budsjettet for Bypakke Ålesund i 2024.

Budsjett 2024			Budsjett 2024			Prognose 2024		
Proj. ID	Prosjekt	Finans.	Egen-finans.	Bom	Sum	Egen-finans.	Bom	Sum
	Stat	S	146,7	758,5	905,2	109,1	673,1	782,1
	Fylkeskommune	F	37,0	166,2	203,2	38,3	135,1	173,4
	Kommune	K	40,1	80,6	120,7	43,2	73,9	117,1
	Sum		223,8	1 005,3	1 229,1	190,6	882,1	1 072,6
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	S	8,6	87,9	96,5	10,0	70,0	80,0
	- Fylkeskommune	F	5,9	34,0	40,0	7,3	33,1	40,4
	- Kommune	K	16,3	10,7	27,0	21,2	5,8	27,0
2	Kollektivknutepunkt i sentrum - Keiser Wilhelr	FK	22,2	44,7	67,0	28,5	38,9	67,4
3	Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	S	11,4	27,5	38,9	5,4	30,0	35,4
	- Stat	S	-13,5	0,0	-13,5	8,6		8,6
	- Fylkeskommune	F	0,3	-0,3	0,0	0,5	1,8	2,3
	- Kommune	K	0,0	0,0	0,0	0,5	0,4	0,9
4	Kollektivknutepunkt ved Campus	SFK	-13,2	-0,3	-13,5	9,6	2,2	11,8
5	E136 Breivika-Lerstad	S	147,8	643,0	790,8	70,0	560,0	630,0
6	E136 Lerstادتoppen - Campus	S	-8,4	0,0	-8,4	14,8		14,8
	- Stat	S	0,44	0,10	0,54		13,1	13,1
	- Fylkeskommune	F	9,01	51,42	60,43	16,3	35,9	52,2
	- Kommune	K	3,70	27,40	31,10	3,7	27,4	31,1
7	Gang- og sykkelveg, trafikkikkerhet og kollekti	SFK	13,1	78,9	92,1	20,0	76,4	96,4
	- Fylkeskommune	F	21,0	74,7	95,7	13,2	59,9	73,1
	- Kommune	K	15,0	38,2	53,2	12,7	36,0	48,7
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	FK	36,0	112,9	148,9	25,9	95,9	121,8
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	S	0,0	0,0	0,0			0,0
10	Bomstasjoner	S	0,5	0,0	0,5	0,2		0,2
	- Stat	S	0,00	0,00	0,00			0,0
	- Fylkeskommune	F	0,73	6,37	7,10	1,0	4,4	5,4
	- Kommune	K	5,13	4,27	9,40	5,1	4,3	9,4
11	Planlegging og prosjektering	SFK	5,86	10,64	16,50	6,1	8,7	14,8

Post 7 Gang- og sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv

For Fv. 6208 Sykkelfelt og fortau Tonningsgate – Steinvågbrua fortset byggearbeida og ein forventar ferdigstillelse av prosjektet hausten 2024.

Hessaskaret har oppstart og ferdigstillelse i 2024. For Lerstadbakken er prosjekteringa ferdigstilt og ein forventar utbygging vinter/vår 2024.

Øvre Skytterholm. Siste lag asfaltering gjenstår, tas når asfaltenlegget åpnes i 2024.

Fortau Ytre Hessen: Prosjektering pågår, ferdigstilles vinter 2024. Samarbeid med Hessa skole om bygging av deler av fortauet. Bygging 2024.

Eksisterende sykkelnett – Klokkersundet. Utbygging vinter/vår 2024.

Kollektiv – holdeplass Spjelkavika. Bygging 2024.

Framkommelighet og trygg skolevei Aspøya. Kartlegging av tiltaket, innleie av konsulent til forprosjekt og detaljprosjektering. Bygging 2024/2025.

Tabellen nedanfor viser budsjettet for post 7 Gang- og sykkelveg, trafikktryggleik og kollektiv.

Budsjett - Post 7 Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Veg-eier	KO 2024-kr	Budsjett 2024	Prognose 2024
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - FK	F	0,0	-0,3	0,0
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - ÅK	K	0,0	2,1	2,1
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	F	53,0	8,5	1,5
704	Sykkelveg Tonningst-Steinvågbrua	F	22,1	36,3	45,0
708	Sykkelveg hovedsykkelakse Gåseid-Hatlane-Åse	S	0,0	0,0	12,6
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - FK	F	0,0	1,3	1,3
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - ÅK	K	0,0	1,4	1,4
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	K	33,1	-0,8	-0,8
734	Fremkommelighet- Aspøya	K	13,3	8,3	8,3
738	Busstopp på Moa, tiltak for bedre bussavvikling	S	6,6	0,9	0,5
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - ÅK	K	0,0	4,5	4,5
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	K	19,9	14,2	14,2
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy	F	26,5	10,2	2,0
764	Myrlandsvn fortau, del 1	K	19,9	0,0	0,0
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum	K	3,6	1,5	1,5
766	Skoleveg-Skarbgt-Hessaskaret	F	5,3	2,2	2,2
767	Fortau -skolevg Hatlane, Fv399 Bvn	F	4,0	2,0	0,3
Sum			256,4	92,2	96,4

Post 11 Planlegging og prosjektering

Tabellen nedanfor viser budsjettet for post 11 Planlegging og prosjektering.

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Finans.	Budsjett		Prognose	
			2024	2024	2024	2024
		Stat	S	0,00		0,00
		Fylkeskommune	F	7,09		5,41
		Kommune	K	9,37		9,37
		Sum		16,46		14,78
112	Kommunikasjon		K	2,50		2,50
701	Strakstiltak eks. sykkelnett - Kommune		K	1,90		1,90
702	Sykkelveg ved Volsdalens skole		F	2,87		2,20
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum		F	0,20		0,20
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum		K	0,60		0,60
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua		F	1,12		0,74
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Fylkeskommune		F	0,10		0,10
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune		K	0,71		0,71
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen		K	0,23		0,23
734	Fremkommelighet- Aspøya		K	1,71		1,71
761	TS-strakstiltak , skoleveg, gangfeltsikring - Kommune		K	1,02		1,02
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)		K	0,57		0,57
763	Undergang på Bjørge, FV107-Ellingsøy		F	2,50		1,87
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak		K	0,13		0,13
767	Fortau -skoleveg Hatlane, Fv399 Bvn		F	0,30		0,30
	Sum			16,46		14,78

Kommunikasjonsarbeidet i bypakka er finansiert over post 11.

For sykkelløysing ved Volsdalen skule fortset ein reguleringsplanarbeidet. Det same gjeld planfri kryssing på Bjørge, kor ein òg vil påstarte byggjeplanlegging.

Ein vil elles arbeide med tilrettelegging for eit heilhetlig sykkelvegnett i Ålesund, med blant anna innleie av ekstern konsulent. Hovedfokus frå Aspøya til Campus.

Det vert også utført planlegging av fremkommelighetstiltak for buss og ei detaljkartlegging av TS tiltak i sekkeposten



Bypakke Ålesund

Handlingsprogram 2024-2027

Innhald

1. Om Bypakke Ålesund.....	2
2. Mål og styring.....	2
2.1 Mål- og resultatstyring	2
2.1.1 Hovudmål	2
2.1.2 Evaluering av måloppnåing	2
2.2 Organisering og styring av Bypakke Ålesund	3
3. Økonomi.....	3
3.1 Økonomiske rammer.....	3
3.2 Bompengar	4
3.3 Om porteføljestyling av bypakka	4
4. Prioriteringar og porteføljestyling 2024-2027	4
5. Tilskotsordning for mindre byområde.....	6
6. Prosjekta i bypakka.....	7
E136 Breivika-Lerstad.....	7
Bymiljøtiltak og kollektivknutepunkt i sentrum	7
Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus og Campus.....	7
Fv. 60 Blindheim-Flisnes.....	7
E136 Lerstadtoppen-Campus	7
Tiltak for kollektivtrafikk, gåing og sykling og trafikktryggleik	7
Strakstiltak for sykkel	8
Sykkelveg ved Volsdalen skole	8
Sykkelveg Hatlaåstunellen-Vindgårsskiftet	8
Sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua	8
Strakstiltak for kollektiv.....	8
Strakstiltak for trafikktryggleik	8
Undergang på Bjørge, Ellingsøy.....	8
Skoleveg Skarbøgata-Hessaskaret.....	8
Vedlegg.....	8

1. Om Bypakke Ålesund

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund med mål om å få fleire til å sykle, gå og reise med kollektiv.

I juni 2021 vart bypakka vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,2 mrd. 2021-kroner (etter indeksering). Dette utgjer om lag 5,1 mrd. 2024-kroner. Finansieringa av pakka er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakka. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, med oppstart i august 2022.

I handlingsprogramperioden vil det vere stor aktivitet i bypakka, med oppstart og ferdigstilling av fleire av dei store prosjekta i pakka.

2. Mål og styring

2.1 Mål- og resultatstyring

Mål- og resultatstyring er det grunnleggjande styringsprinsippet i offentleg verksemd. Bypakke Ålesund vert styrt etter dette prinsippet. Reint konkret inneber det at overordna, politisk sette mål for bypakka, vert konkretisert på ein slik måte at resultatata i bypakken kan målast, vurderast og følgjast opp.

2.1.1 Hovudmål

Det er fastsett tre hovudmål for Bypakke Ålesund:

- Byen skal ha eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer. Transportsystemet må møte veksten i transportsektoren.
- Bypakka skal bidra til å utvikle eit framtidretta kollektivtilbod.
- Bypakka skal bidra til attraktiv og berekraftig byutvikling.

Føremålet med bypakka i Ålesund er at fleire skal sykle, gå og reise kollektivt og at delen reiser med personbil skal reduserast.

Ålesund kommune har vedtatt at dei ynskjer å leggje nullvekstmålet til grunn for bypakka. Det er ein føresetnad for å kunne få investeringsmidlar gjennom tilskotsordninga for mindre byområde, at ein forpliktar seg til å følgje opp eit slik nullvekstmål for persontransport med bil. Bypakke Ålesund har derfor som mål nullvekst for persontransport med bil i Ålesund.

2.1.2 Evaluering av måloppnåing


Det vert lagt opp til å gjennomføre teljingar for dei ulike transportformene for å sjå korleis trafikkbiletet utviklar seg i utbyggingsperioden. Vegamot vedlikeheld denne statistikken og orienterar løpande til styringsgruppa om utviklinga i forhold til trafikk og inntekter. På prosjektnivå arbeider ein med å utvikle effektmål for prosjekta i bypakka, for å kunne vurdere kva verknad dei ulike prosjekta har i høve måla for bypakka. Dette er eit verktøy for å prioritere dei mindre prosjekta inn i porteføljen. Ein vil følgje opp resultatmåla i gjennomføringa av pakka, for å sikre at dei einskilde prosjekta når måla sine.

2.2 Organisering og styring av Bypakke Ålesund

Det er etablert ei styringsgruppe og eit sekretariat for porteføljestyling av bypakka. Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen deltek som likeverdige parter inn i samarbeidet.

Det går eit skilje mellom prosjektstyring og porteføljestyling. Partane har sjølve ansvaret for å gjennomføre planlegging og utbygging av sine egne prosjekt (prosjektstyring). Styringsgruppa står for porteføljestylinga av pakka og skal sikre at ho vert gjennomført i tråd med Stortinget sitt vedtak. Dette betyr mellom anna at styringsgruppa skal følgje opp at ein held seg innanfor den økonomiske ramma som er fastsett. Sekretariatet førebur saker til styringsgruppa og sikrar god informasjonsflyt og samarbeid mellom partane.

Figuren nedanfor viser organiseringa av Bypakke Ålesund.



3. Økonomi

3.1 Økonomiske rammer

Ramma for Bypakke Ålesund er 5,1 mrd. 2024-kroner. Av dette utgjør dei statlege prosjekta 4,1 mrd. kroner, dei fylkeskommunale prosjekta 0,6 mrd. kroner og dei kommunale prosjekta 0,4 mrd. kroner. Utbygginga vert finansiert av bompengar, statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar, samt refundert momskompensasjon frå staten. Bompengefinansieringa står for om lag 4 mrd. kroner,

medan 1,1 mrd. kroner er bidrag frå stat, fylkeskommune og kommune, inkludert momskompensasjon.

3.2 Bompengar

Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, noko som er i tråd med lokalpolitiske vedtak. Bompengene starta opp i august 2022.

Det er etablert 13 bomstasjonar med tovegs innkrevjing i Ålesund. Bomstasjonane er plassert i område der det vert bygd eit godt alternativt transporttilbod til personbilen, samt på veger der det vert gjennomført vesentlege utbetringar.

I Prop. 201 S (2020-2021) er det fastsett ein gjennomsnittstakst på 14,50 2021-kroner, og denne vert nytta som grunnlag for justering av takstane.

3.3 Om porteføljestyring av bypakka

Bypakke Ålesund vert styrt etter prinsippa for porteføljestyring. All kostnadsauke må følgeleg løysast innanfor den økonomiske ramma til pakka. Dersom kostnadene for nokre av prosjekta aukar, vil dette innebære at andre prosjekt må reduserast eller eventuelt ikkje kan gjennomførast. Dersom enkelte prosjekt vert rimelegare enn føresett, vil det bli rom for fleire prosjekt, alternativt kan innkrevjingsperioden kortast ned.

Bompengeproposisjonen for Bypakke Ålesund føresett sterk kostnadskontroll i gjennomføringa av prosjekta i pakka. Arbeidet med porteføljestyringa skal skje gjennom ei årleg rullering av eit fireårig handlingsprogram med hovudvekt på mål- og resultatstyring.

I følge retningslinjene for porteføljestyrte bypakker skal fylkeskommunen og kommunen bidra med ein eigenandel på minst 20 prosent av den investeringskostnaden for fylkeskommunale og kommunale prosjekt (ekskl. meirverdiavgift). Dette kravet er innfridd i prosjektporteføljen som ligg til grunn for vedtatt bompengeproposisjon og er også førande for porteføljestyringa i gjennomføringa av pakka. Handlingsprogrammet for 2023-2026 er satt opp slik at det samsvarer med kravet til eigenandel.

4. Prioriteringar og porteføljestyring 2024-2027

Styringsgruppa har prioritert prosjekter inn i handlingsprogrammet for 2024-2027 i tråd med måla for bypakka og dei økonomiske rammene som ligg til grunn i Prop. 201 S (2020-2021).

Alle tre kollektivknutepunkta i bypakka vert ferdigstilt i perioden. Ein starta med utbygginga av kollektivknutepunkta i sentrum og ved Ålesund sjukehus i 2023, medan kollektivknutepunktet ved Campus er sett opp frå 2025.

For E136 Brosundbro, Waterfront vert det lagt opp til kontraktutlysning og signering i 2024, med byggestart i 2025. Den delen som gjeld Posthuskrysset blir utbygd saman med kollektivknutepunktet i sentrum.

For E136 Breivika-Lerstad var det byggestart i 2022, medan hovudentreprise vart lyst ut i 2023 og kontrakt inngått i januar 2024.

